

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 04.06.2014

SAKSHANDSAMAR: Hilde Christiansen

SAKA GJELD: **Regulering lønn - tilsette Helse Vest RHF 2014**

ARKIVSAK: 2013/379/

STYRESAK: 074/14

STYREMØTE: 18.06.2014

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Administrerende direktør får fullmakt til å gjennomføre lønnsregulering innafor ramma av oppgjeret for Spekter Helse.

Oppsummering

Styret skal i tråd med gjeldande instruks for styret sine oppgaver ta aktiv del i prinsippa for lønnsregulering i Helse Vest RHF.

I tråd med rettleiar for styrearbeid i føretaksgruppa Helse Vest skal styret ved fastsetjing av lønn til leiande tilsette, sikre at Helse Vest RHF kan tilby attraktive vilkår som samtidig vinn forståing og aksept i samfunnet.

Nærings- og handelsdepartementet har fasett retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap. Gjennom desse retningslinjene klargjer staten relevante prinsipp for ansvarleg og god leiarlønnspolitik, både i samband med fastsetjing og justering av lønn for dagleg leiar og andre leiande tilsette. Retningslinjene slår fast at leiarlønningane skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande.

Lønn til administrerande direktør vil bli lagt fram i eiga sak for styret. Helse Vest RHF skal no gjennomføre lønnsregulering for alle medarbeidarar, inkludert administrerande direktør si leiargruppe.

Fakta

Helse Vest RHF har regulering av lønn for alle medarbeidarar og administrerande direktør si leiargruppe per 1. mai kvart år. Administrasjonen har valt å utsetje gjennomføringa av lønnsreguleringa til ein har sett korleis lønnsoppgjret elles plasserer seg, for nettopp å understøtte at administrerande direktør si leiargruppe og medarbeidarar elles får ei lønnsregulering som er i tråd med lønnsoppgjret sett i eit heilskapleg perspektiv.

Dei aller fleste store tariffområda har no slutført lønnsforhandlingane, sjølv om det framleis står att to deler av oppgjret i spesialisthelsetenesta.

Vi legg til grunn at årets lønnsoppgjret for dei gruppene ein kan samanlikne seg med har avslutta årets oppgjret innafor ramma av det som blei lagt for oppgjret i stat, kommune og Spekter Helse.

Konklusjon

Helse Vest RHF skal sikre at vi er rekrutteringsdyktige i ein pressa arbeidsmarknad. Vi skal samstundes skjele til at Helse Vest RHF har ein lønnsprofil som speglar at medarbeidarar generelt har krevjande men inspirerande oppgaver og ta omsyn til utstrakt samarbeid mellom RHF-et og helseføretaka. Det er i den samanheng viktig at vi gjennomfører årets lønnsregulering slik at vi disponerer lønnsramma på ein konstruktiv og motiverande måte og at ein legg heile lønnsmassen for Helse Vest RHF til grunn for reguleringa. Tilsette på Helse Vest RHF har ikkje overtidsgodtgjering eller andre variable lønnsselement.

Lønnsreguleringa for medarbeidarar og administrerande direktør si leiargruppe blir lagt på om lag same nivå som for spesialisthelsetenesta i område Spekter Helse, med verknad frå 1. mai 2014.